



Arkivnr: 2015/11453-21
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		17.03.2016

Fordeling av utviklingsmidlar 2016

Samandrag

I styremøte 26.01.16 vedtok fagskulestyret i sak PS 5/2016 *Budsjett for fellesmidlar 2016* ein post for utviklingsmidlar på kroner 500 000,-. Dei tre fagskulane har på bakgrunn av dette sendt kvar sin søknad om midlar til ulike utviklingsprosjekt (sjå vedlegga).

Prosjekta det er søkt midlar til, er:

- Utvikling og oppfølging av nettundervisning – Bergen tekniske fagskole – 250 000,-
- Utvikling av fagskulestudiet i havbotninstallasjon – Bergen maritime fagskole – 250 000,-
- Utvikling av rettleiaropplæring – Hordaland helsefagskole – 85 000,-

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek følgjande fordeling av utviklingsmidlar for 2016:

- Utvikling og oppfølging av nettundervisning – Bergen tekniske fagskole – 215 000,-
- Utvikling av fagskulestudiet i havbotninstallasjon – Bergen maritime fagskole – 215 000,-
- Utvikling av rettleiaropplæring – Hordaland helsefagskole – 70 000,-

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad Bergen tekniske fagskole
- 2 Søknad Bergen maritime fagskole
- 3 Søknad Hordaland helsefagskole

Fylkesrådmannen, 23.02.2016

I styremøte 26.01.2016 vedtok fagskulestyret i sak PS 5/2016 *Budsjett for fellesmidlar 2016* ein post for utviklingsmidlar på kroner 500 000,-. Dei tre fagskulane har på bakgrunn av dette sendt kvar sin søknad om midlar til ulike utviklingsprosjekt (sjå vedlegga).

Prosjekta det er søkt midlar til er:

Utvikling og oppfølging av nettundervisning – Bergen tekniske fagskole – 250 000,-

På bakgrunn av aukande tal på nettstudentar; tilbød som føregår ved ulike studiestader og den teknologiske utviklinga i samfunnet, ønskjer skulen å vidareutvikle den nettbaserte undervisninga som vert gjeve ved skulen. Bergen tekniske fagskole ønskjer å oppretta ei prosjektstilling som vil ha ansvar for å utvikle ei moderne nettundervisning ved fagskulen. Framtidig nettundervisning skal mellom anna kunne vere meir dynamisk i høve til å gje studentane tettare oppfølging mellom samlingane, gje undervisning og rettleiing i sanntid, samt ta opptak av undervisningsøker for fleksibel bruk (les meir i vedlegg 1).

Utvikling av fagskulestudiet i havbotninstallasjon – Bergen maritime fagskole – 250 000,-

Fagskulen har utvikla eit prøveprosjekt i tett samarbeid med Statoil i høve til å utvikle, og i større grad praksisrette, fagskuletilbodet innan havbotninstallasjon. Prosjektet gjev studentane tilgang til, og opplæring i, utstyr som vert nytta i næringslivet i løpet av 4 fagsamlingar á 2 dagar hjå Statoil på Ågotnes. Studentane ved tilbodet havbotninstallasjonar har svært ulik bakgrunn, og majoriteten av studentane har ikkje arbeidd offshore før utdanning. Såleis vil dette prosjektet gje studentane verdifull praktisk kompetanse som del av utdanninga. Prosjektet er etablert og samlingane er allereie gjennomført i 2016. Fagskulen søkjer midlar til lærarressursar som har vorte nytta til å utvikle dette undervisningsopplegget og kostnader knytt til undervisningsmaterieil (les meir i vedlegg 2).

Utvikling av rettleiaropplæring – Hordaland helsefagskole – 85 000,-

Fagskulen søkjer om midlar til utvikling av eit opplæringstilbod for administrativt tilsette og fagpersonar som har ei rolle i tilrettelegging for, og oppfølging av, fagskulestudentar i praksis. Målet er å styrkje kvaliteten i den praktiske delen av opplæringa. Tiltaket vil vere å utvikle eit tilbød i rettleiing for praksiskontaktane, minimum dagskurs, med høve til å spissa opplæringa til det einskilde fagområde (les meir i vedlegg 3).

Til saman er det søkt om 585 000,-.

Administrasjonen vil tilrå at styret vedtek følgjande fordeling av utviklingsmidlar for 2016:

Utvikling og oppfølging av nettundervisning – Bergen tekniske fagskole – kr 215 000,-

Utvikling av fagskulestudiet i havbotninstallasjon – Bergen maritime fagskole – kr 215 000,-

Utvikling av rettleiaropplæring – Hordaland helsefagskole – kr 70 000,-